

Vedlegg

Samanstilling av resultat frå trafikkteiling ved Enge skule

Måndag 29. august

Tysdag 30. august


Onsdag 31. august



Figur 1 Oversiktsbilete Etne sentrum

Datert: 17.10.2022

Utarbeidd av: Avdeling for Utvikling
v/EPS, Rådgjevar Plan og miljø



Figur 2 Gjennomsnittleg transportmønster ved teljing på fylkesvegen mellom Skakkesenteret og Enge skule.

Teljinga føregjekk måndag til onsdag i månadsskiftet august/september, og representerer vanlege yrkesdagar.

Måndag til tysdag føregjekk teljinga i den framtidige Hjartesona mellom Skakkesenteret og Enge skule. Resultata gjenspeiler gjennomsnittet av talet bilar som vart tald. Onsdag vart det gjennomført teljing på nedsida av Skakke.

Den korte teljetida kan ikkje i empirisk samanheng reknast som representativt for å vurdere noko årsakssamanheng, men gir likevel eit innblikk i vanane til bilistane ein vanleg yrkesdag då elevar vert henta og levert ved skulen (skulestart for alle elevane er kl. 09, og skuleslutt både kl. halv 2 og halv 3).


Teljinga ved Skakkesenteret/skulen syner tydeleg at **dei fleste bilane er på gjennomreise**. Dette er bilar som ikkje har noko ærend i området (ikkje tilsett, og ikkje i ærend for å hente/levere born). Desse bilane, som i morgonrushet utgjer 68% / 55 stk. av dei registrerte bilane, kan med fordel avlaste fylkesvegen (og krysset mot E134) ved å køyre på nedsida av Skakke. Liknande tendens finn vi ved skuleslutt (93 og 86 prosent på gjennomreise).

Frå eit observasjonsståstad vart det tydeleg at henting/levering av born i kombinasjon med mange gåande og syklande gav ein uoversiktleg situasjon. Når dette samtidig skjer med bussar til stades vart situasjonen til tider svært uoversiktleg. Bussane er store køyretøy som tek mykje sikt, og som treng store manøvreringsareal. Bussane har i tillegg ei mykje lenger stopp-tid ved busslommene.

Dette vart observert som ei utfordring særleg ved morgonrushet – alle elevane på Enge skule startar på same tid. Då var det i gjennomsnitt 10 bilar (12% av det totale antalet) som **parkerte samtidig med skuleskyssen** (buss og taxi). Når all skuleskyss (9 bussar/taxi) står samla på busshaldeplassen tek dei

all plassen, og det er ikkje rom for at personbilar kan stå samtidig. Dette førte til både **venting og køyring på tvers av dei to vegfelta i busslomma – som saman med gangfeltet på tvers av busslomma er risikofylt.**

Tala og observasjonane peikar på at det er trong for å flytte henting/levering av elevar bort frå bussane for å redusere risikoen for trafikkulukker mellom mjuke og harde trafikantar.



Figur 3 Transportmønster ved teljing på nedsida av Skakke.

I koronapandemien oppmuntra Enge skule foreldra til å parkere/levere elevane på nedsida av Skakke. Det vart gjennomført ei teljing i rushperiodane på nedsida av Skakke for å sjå om denne atferden framleis er til stade. Dette vart gjort ein onsdag. På morgonen vart det registrert at over 24% av bilane i området (9 stk.) skulle i ærend for å levere borna sine på skulen. Ved skuleslutt halv 3 var det 42% av alle talde bilar (10 stk.).

Konklusjon?

Vi kan ikkje utan vidare samanstille desse tala då dei er tald på ulike tidspunkt. Dei gjev likevel eit bilete på at:

- På morgonen er det trong for at ca. 40 bilar leverer elevar til skulen.
- Skuleslutt, halv 2 er det tilsvarande trong for ca. 5 bilar.
- Skuleslutt, halv 3 er det tilsvarande trong for ca. 20 bilar.


Morgonrushet er altså dimensjonerande for storleiken på droppsona. Droptida går relativt kjapt (under 1 minutt), men det er trong for at bilar også kan parkere og vere med elevane inn på morgonen, og som ventar på elevane sine på ettermiddagen.

Forventa situasjon ved etablering av hjartesone og droppsone

Då alle elevane ved Enge skule startar på same tid, er det størst trafikk mellom kl. 08:30 og 09:00. Med morgonrushet til grunn vil vegen på nedsida av Skakke få ei auke i trafikkmengd frå 37 til 118 bilar; 3.2 gonger meir bil enn i dag. Dette må vurderast som maks-halvtimen i løpet av dagen.

På same tid vil det vere 37 færre bilar på fylkesvegen som køyrer forbi utan stans og ut i «Expert-krysset». Krysset vert med andre ord avlasta med 1 bil i minuttet i den halvtimen morgonrushet pågår. Det betyr 1 mindre bil i minuttet som er med på å skape tilbakeblokkering på europavegen og uoversiktlege situasjonar for born og unge som nyttar vegen til skuleveg.

Størst mogleg måloppnåing ved innføring av Hjartesone og droppsone ser slik ut:



Figur 4 Høgst grad av måloppnåing ved innføring av tiltaka fører til over 3 gonger meir trafikk på vegen på nedsida av Skakke.

Vegen på nedsida av Skakke går forbi fire bustader, éin barnehage, og går saman med tungtrafikk mot Tongane over 300 meter. Vegen Tongane er nyleg bygd med fortau, og er brei nok til at to lastebilar kan passere utan å senke farten. Konflikten mellom lett og tung bil vert vurdert den same som ved køyring på europavegen. Einebustadane ligg til gjengjeld ca. 100 meter frå vegen noko som reduserer støybelastninga frå denne auken, og barnehagen er fullstendig inngjerda. Parkering for barnehagen skjer på eigen plass med avkøyring frå Stadionvegen, og er ikkje i konflikt med passerande bilar.

Auken i antal bilar i rushperiodane må sjåast i samanheng med å skape ein **tryggare veg for elevane**, og er i sum ein positivt tiltak som er med på å redusere ulukkesrisikoen ved Skakkesenteret/skulen og gjennom krysset med E134. Også folkehelsa kan i sin tur auka ved at **fleire born kan gå og sykle til skulen**, og blir vand med å ferdast i trafikken.